Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging og mosing

Oppskr. av: Johs. Ekker

(adresse): Fosslandsosen

Fylke: Nord-Trøndelag

Herad: Otterøy

Bygdelag: Skomsvoll-Hamnes

Gard: Engesvik

G.nr. 19. Br.nr. ~~10/~~ 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her blir ikkje føreteki noko lynging i dag. For 50, 60 år sia henta dei lyng som nødfor i vårknipa, men lynghenting var ikkje ålmenn. Når snøen sokk saman om våren, så lyngrabbana stakk fram, bar det åt røsslynghaugen. Det dei hadde med seg var ei skjuru og ein sekk. Dei skar av toppen av lynget med skjurua. Gav kyrne det i båsane. Småfeet hadde dei da nok for lenge sia slept ut for å ta føda sjølv. Innsamling av lyng for komande vinter kjenner eg ikkje til. Den innsamlinga eg har nemnt, var nok helst arbeid for kvinnfolk (og halvvaksne gutar). Såvidt eg hugsar, heldt dei ikkje lyng for å vera det beste nødfôr

Dette dekkjer alt eg veit om lynging.

II. Mosing.

Om mosesanking og bruk av mose kjenner eg inkje, trur berre eg har høyrd at grånlav (kråkstry) i gamal tid har vori nytta til nødfôr. Veit heller ikkje om at mose har vori nytta til grisefor, eller korleis..

1515-48

1664
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING